

Møteinnkalling

Utval: Jostedalsbreen nasjonalparkstyre
Møtestad: Quality Hotel, Sogndal
Dato: 01.03.2022
Tidspunkt: 10:00–14:00

Velkomen til det fyrste møtet i Jostedalsbreen nasjonalparkstyre i 2022.

Møtet finn stad tysdag 01. mars kl 10:00 på Quality Hotel, Sogndal.

Eventuelt forfall må meldast snarast til forvaltar Marthe på tlf. 91 71 95 51.

Vararepresentantar møter etter nærare beskjed.

Velkomen!

Venleg helsing
Marthe Gjerde og Tor Arne Hauge
Sekretariatet for Jostedalsbreen nasjonalparkstyre



Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 1/22	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 2/22	Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar		
ST 3/22	Jostedalsbreen nasjonalpark - Sti til Sognskaret i Sunndalen - Løyve til vedlikehald og utbetring - Jarand Gjestland		2019/20883
ST 4/22	Søknad om fleirårig løyve til helikoptertransport - Flatbrehytta		2022/2118
ST 5/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2022		2021/16610
ST 6/22	Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar 2022		2021/16471
ST 7/22	Delegerte saker		
ST 8/22	Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle med snøscooter for radarmåling og helikopterflyging i JOSTICE-prosjektet - 2022 - Høgskulen på Vestlandet		2019/8670
ST 9/22	Orienterings- drøftings- og referatsaker 1. Status tiltak 2. Søknader om medfinansiering skilt, NoFence klavar, bruer - drøfting 3. Status arbeid med brosjyrekart 4. Nye nettsider 5. Kommersiell bruk av merkevaren – drøfting 6. Dialogmøte med besøkssentera 7. Rammeavtale innkjøp av infoskilt 8. Restaurering av sel på Sunndalssætra 9. Skjøtselsplanar tre stølsdalar i Stryn - status 10. Mediesaker sidan sist		
RS 1/22	Nyval - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - nytt varamedlem		2022/671
RS 2/22	Uttale til framlegg til kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdsel i utmark i Luster kommune		2022/305
RS 3/22	Stadfesting medlemskap EUROPARC Federation		2022/1500
RS 4/22	Innvilga søknad frå Stryn kommune om status som nasjonalparkkommune		2022/363

RS 5/22	Invitasjon til oppstartsmøte for delnorm 3 i Sunnfjord, Førdefjella og Svartebotnen villreinområder	2022/363
RS 6/22	Sluttrapport utbetring av ferdsleveg i Erdalen	2021/12699
RS 7/22	Ny sekretærordning i villreinnemndene	2022/363
RS 8/22	Endeleg godkjenning - Jostedalsbreen nasjonalpark - besøksstrategi	2019/3131
RS 9/22	Overføring av tiltaksmidlar til Skålastilaget - prosjekt vidare utvikling av Skålastien	2020/17911
RS 10/22	Uttale til framlegg til detaljreguleringsplan for parkeringsplass ved Tungestølen	2020/9015
RS 11/22	Tilbakemelding - Jostedalen nasjonalpark - Erdalen - motorferdsle i samband med sauer i skorfeste	2021/15743
RS 12/22	Prosjektskildring - utbetringar på Skålastien 2022	2022/1948
RS 13/22	Stadfesting på meldt forhold - Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovleg køyring og graving langs breen til Fåbergstølsbreen - Statkraft	2019/10928

ST 1/22 Godkjenning av innkalling og dagsorden
ST 2/22 Val av styremedlem til å skrive under protokoll i lag med styreleiar



Arkivsaksnr: 2019/20883-0

Sakshandsamar: Tor Arne Hauge

Dato: 24.11.2021

Jostedalsbreen nasjonalpark - Sti til Sognskaret i Sunndalen - Løyve til vedlikehald og utbetring - Jarand Gjestland

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gjev løyve etter verneforskrifta sin § IV, punkt 1.3, 3. og 4. strekpunkt til å vedlikehalde og gjere mindre utbetringar på stien mellom Sunndalen og hytta ved Nedre Sognskarvatn. Utbetringane på stien må gjerast nennsam og forsiktig, slik at det vert minst moglege synlege skadar i på vegetasjon og terreng.

Følgjande vilkår gjeld for:

1. Stien kan ryddast og vardast, men ikkje merkjast.
2. Vedlikehaldsarbeid og utbetringar skal skje manuelt, utan bruk av motorkøyretøy av noko slag.
3. Stien frå hytta og vidare innover mot Indre Sognskarvatnet og Sygneskarbreen skal ikkje utbetrast på nokon måte.
4. Det skal årleg innan 10.november leverast ein enkel rapport til nasjonalparkforvaltninga med oversikt på vedlikehaldsarbeidet som er gjort på stien dette året. Rapporten skal innehalde ei kort skildring og bilete som syner arbeidet som er gjort på stien.
5. Om det vert ønskje om nye bruer, klopper eller gangbaner så må dette søkjast om særskilt.
6. Søklar er sjølv ansvarleg for å innhente nødvendig løyve frå grunneigarane.

Saksopplysningar

Dokument i saka

1. 30.10.2019 - Søknad frå Jarand Gjestland om løyve til vedlikehald av sti til Sognskaret



2. NINA Rapport 1593 – Vurdering av kor sårbare utvalde lokalitetar i Jostedalsbreen nasjonalpark er for ferdsel. Kattanakken, Oldeskaret og Sunndalen, 2018
3. Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark, 1994
4. Skjøtselsplan for Bødalen, Erdalen og Sunndalen i Jostedalsbreen nasjonalpark – 2001
5. Forskrift om vern av Jostedalsbreen nasjonalpark, 25.10.1991

Søknaden

Jarand Gjestland, deleigar av hytta som ligg i Sognskaret, søkte i epost av 30.10.2019 om løyve til å vedlikehalde stien til Sognskaret. Søknaden er sendt for å sikre seg om at ikkje arbeidet på stien ikkje kjem i konflikt med vernebestemmelsane og forvaltninga sitt syn på kva som er vanleg vedlikehald.

Vedlagt i søknaden var fleire bilete som viste nokre punkt på stien der det var slitasje. Det har vore uka ferdsel til Sognskaret dei siste åra, etter at det vart sett opp trimkasse på hytteveggen. Den auka ferdselen har ført til større slitasje på stien. Slitasje på terrenget har ført til at meir vatn renn i stien. Dette gjer at vegetasjonsdekket somme stader vert slite ned og meir bart og glatt fjell vert eksponert i stien. Andre stader, der stien går på morenemassar, vert meir rullestein eksponert i stien og stien vert dårlegare å gå på, noko som lett resulterer i at folk går utanfor stien, som då vil breie seg ut i terrenget.


Det er i følgje søkjar trong for nokre korte strekningar med forstøtningar av stein, som med enkle hjelpemiddel kan hentast nær stien, utan store inngrep. I våte parti av stien kan det vere trong får å fylle på med fleire trakksteinar. Arbeidet med stien er tenkt gjennomført som fortløpande vedlikehald når søkjar er på tur til og frå hytta.

Søkjar bad om ei felles synfaring med forvaltninga til våren når snøen er vekke, for å få lagt ein meir detaljert plan.

På grunn av koronasituasjonen vart det ikkje synfaring i 2020. Nasjonalparkforvaltar tok difor kontakt med søkjar i juli 2021 for å avtale tid for synfaring i løpet av sommaren 2021.

Synfaring

20.september 2021 var nasjonalparkforvaltar på synfaring på stien inn til hytta i Sognskaret saman med søkjar. Ein gjekk stien inn til hytta og såg på den eksisterande stien. Det var ein tydeleg sti, som fleire stader byrja å bere preg av noko slitasje. Mange stader langs stien var det tydeleg at folk over tid hadde lagt til rette steinar og rydda noko for å gjere det lettare å gå. Gjestland viste fleire punkt på stien der det var ynskje om vedlikehald og mindre utbetringar. I nokre våte og steinete parti var det ynskje om å finne meir stein og leggje til rette slik at stien vart tørrare og litt lettare å gå. I nokre myrlendte parti var det ynskje om å leggje ut fleire trakkheller eller enkle gangbanar, dette for å unngå meir skade på myra ved at stien breier seg ut. Andre stader var det ynskje om å leggje nokre trinn av stein for å lettare kome opp glatte, små berg. Nødvendig stein er tenkt henta i området langs stien. På eit punkt var det ei bratt stigning der det i dag var lagt til rette med nokre steintrinn, men der det med fordel kunne leggjast litt betre til rette. Brua over elva frå Kamperhamrane bar og preg av elde. I området ved brua var det fleire parti der det i periodar kan bli mykje vatn i stien. Litt flytting på stein kan lette bruken av stien monaleg. I området der stien flatar ut innover mot Nedre Sognskarvatn og hytta er det fleire vardar, som kan vere viktige om skodda kjem på.



Figur 1: Oversiktskart Syngneskaret. Hytta markert med raud sirkel.

Fylkesatlas

Bakgrunn

Hytta i ved Nedre Sognskarvatn vart bygd på 1960-talet, og er einaste hytta i området. Før hytta vart bygd skal det ikkje ha vore nokon tilrettelagd sti frå Sunndalssetra inn mot Syngneskarvatna. Stien er tilrettelagt av eigar av hytta etter at hytta var bygd. I dei seinare åra har lokalt idrettslag hatt trimpostkasse på hytteveggen i Sognskaret, noko som har auka trafikken til hytta i Songskaret monaleg.

I gjeldande forvaltningsplan for Jostedal nasjonalpark (1994) er stien inn mot Syngneskarbreen vist som *Varda sti* (brei stipla linje i lilla farge). Fram til hytta i Sognskaret ligg stien innanfor *Brukssone*, vidare inn mot breen ligg stien i *Sone utan tilrettelegging og inngrep*.


I kapittel 6.1.2. i forvaltningsplanen (1994) er *Sone utan tilrettelegging og inngrep* definert slik:



«Som oftast er dette naturområde som det ut i frå naturvernomsyn er ønskjeleg å halde mest mogeleg urørde og utan inngrep og tilrettelegging. Merking av stiar og bygging av (turlags-) hytter vil ikkje bli tillate her.»

I kapittel 6.1.3 er Brukssone definert slik:

« Dette er område der ein del tiltak og inngrep kan tillatast, som merking av stiar og bygging av turlagshytter innanfor eit planlagt rutenett,».




Figur 2: Utsnitt av vedlegg 5 til forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark (1994)

Norsk institutt for naturforskning (NINA) utarbeidde i 2018 ei sårbarheitsvurdering for ferdsel i tre område i Jostedalsbreen nasjonalpark. Eit av områda som vart vurdert var Sunndalen. Hovudkonklusjonen frå denne sårbarheitsvurderinga var at det var uproblematisk med auka ferdsel fram til Sunndalssetra, men at innanfor Sunndalssetra kan auka ferdsel over tid få negativ innverknad på villreinen; særleg tilgang på marginale sommarbeite. Området rundt Sunndalen er markert som barmarksbeite for villrein. Hytta i Sognskaret ligg like innanfor grensa for barmarksbeiteområdet for villreinen. Det må difor vurderast nøye om det er rett å leggje betre til rette for ferdsel i dette området.

Sakshandsamar har difor vore i kontakt med Knut Granum, sekretær i Reinheimen – Breheimen villreinutval og Øyvind Angard, SNO Breheimen, for å få vite meir om reinen sin arealbruk i området og få deira vurdering av tiltaket og potensialet for konflikt med villrein. Begge la vekt på at kartet over barmarksbeite er lite detaljert, og at det difor er rett å hente



inn meir oppdatert informasjon i vurderingane. Dei var samstemte i at det truleg var lenge sidan villreinen hadde nytta området i Sognskardet til sommarbeite, og at ei mindre utbetring av den eksisterande stien til Sognskardet ikkje vil ha negativ innverknad på villrein. Det kan derimot vere positivt for villreinstamma i området om utbetring av stien Sognskardet skulle medføre at fleire vel å leggje turen her framfor å gå stien til Kamperhamrane og vidare austover. Langs stien over Kamperhamrane er det vesentleg større potensiale for konflikt mellom fotturistar og villrein.



Figur 3: Funksjonsområde for villrein. Henta frå NINA si sårbarheitsvurdering.

Lovgrunnlag

Føremålet med Jostedalsbreen nasjonalpark er:

1. å verne om eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høg fjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
2. å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er liteavhengig av teknisk tilrettelegging
3. å verne om kulturminne og kulturlandskap

I Jostedalsbreen nasjonalpark er landskapet verna mot alle inngrep (verneforskrifta sin § IV,



punkt 1.1), mellom anna oppsetjing av bygningar, gjerde, (...) bygging av bruer og klopper, merking av stigar og løyper og liknande. I verneforskrifta sitt punkt 1.2. står det at desse reglane ikkje er til hinder for (tredje strekpunkt) vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt, vegvisarar og liknande. Forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald om det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einsskilde område (vår understreking).

Forvaltningsstyresmakta kan, når særlege grunnar ligg føre, gje løyve til (verneforskrifta § IV, punkt 1.3, fjerde strekpunkt) merking og rydding av nye stiar og løyper, og oppsetting av skilt og vegvisarar o.l.. Forvaltningsstyresmakta kan nekte slikt vedlikehald når det av omsyn til føremålet med vernet er ønskjeleg å redusere ferdsla i einsskilde område. Det står også i verneforskrifta at det kan stillast vilkår for løyve som blir gjeve etter punkt 1.3.

I tråd med naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Vedlikehald av eksisterande stiar og løyper med bruer, klopper, vardar, merking, skilt og vegvisarar o.l. er i tråd med verneforskrifta og treng difor i prinsippet ikkje noko eige løyve før gjennomføring. Spørsmålet i denne saka vert difor kva som er vedlikehald og kva som må reknast som standardheving/utbetring. I tillegg må det vurderast om det finst grunnar for at forvaltningsstyresmakta eventuelt bør forsøke å redusere ferdsla i dette området omsyn til føremålet med vernet.

Det meste av tiltaka som er planlagt på stien kan reknast som vedlikehald, men det er og nokre av tiltaka som inneber ei standardheving. Dette gjer at forvaltarane vurderer det samla tiltaket som søknadspliktig. Søknaden må difor må vurderast etter verneforskrifta sin § 1.3. og det må liggje føre særlege grunnar for å gje løyve til tiltaket.

Standardhevinga er særleg knytt til dei punkta der det er aktuelt å bygge nye små trinn for å kome opp på glatte svaberg, og der det er aktuelt å fylle på stein i stien for å heve den noko i våte parti. Dette inneber at det må finnast og hentast stein i terrenget rundt for å nytte det i stien, noko som fort kan vere eit betydeleg inngrep om ikkje det vert gjort varsamt for å skåne vegetasjon og terreng.

Utbetring av stien med fleire trakkheller i dei myrlendte partia vil kunne kanalisere trafikken slik at slitasten på myrene vert mindre. Eit alternativ kan vere å leggje stien litt om, slik at den vert liggjande i turrare terreng. Når ein går inn på kart og flyfoto over området kan det sjå ut til at det er to stiar i eit område, den eine er synleg på flyfoto og går rett over våtaste myra, den andre er markert på kartet og er lagt i turrare terreng rundt myra. Tilrettelegging med nokre steintrinn for lettare å passere sleipe skarv vil og kunne skåne vegetasjonen ved å halde folk på eit stispor i område med tynt vegetasjonsdekke. Dette er særlege grunnar for å kunne gje løyve til dei tiltaka som krev løyve. Forvaltar såg under synfaringa at det dei fleste stader langs stien er bra med nyttbar stein, så om henting av stein vert gjort på ein varsam måte vil det ikkje medføre problem for ivaretaking av verneverdiane.



Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 skal liggje til grunn som retningsliner ved utøving av offentlig mynd.

Når det gjeld krav til kunnskap om naturmangfaldet i naturmangfaldlov sin §8, vurderer sekretariatet kunnskapen om naturmangfaldet til å vere god nok. I Naturbase er området sin verdi som barmarksbeite for villrein vist. Stien inn til hytta i Sognskaret går inn i ytterkanten av barmarksbeiteområdet for villrein.

I NINA sin sårbarheitsvurdering for ferdsel i Sunndalen er det særleg fokusert på området kring stien austover Kamperhamrane og dei potensielle verknadane av cat-skiing i området ved Tystigbreen. Om stien til hytta ved Nedre Sognskarvatn vert vedlikehalden og utbeta litt vil gjerne fleire velje denne stien, framfor den godt tilrettelagde stien inn mot Kamperhamrane. Vedlikehald og utbetring av stien inn til hytta ved Nedre Sognskarvatn kan såleis vere med på å vri noko av ferdselstrykket vekk frå dei meir sårbare områda ved Kamperhamrane og Merradalsbotnen. Dette kan totalt sett vere positivt for villreinen i området, sidan det i området aust for Kamperhamrane også er registrert viktige trekkområder for villrein. Dette er eit moment å leggje vekt på i vurderinga om der er særlege grunnar for å gje løyve til små utbetringar utover vanleg vedlikehald på stien til Sognskaret.

Vedlikehald og små utbetringar av ein allereie eksisterande sti inn til hytta i Sognskaret, vil ha svært lite potensiale for skade på naturmiljøet. Sekretariatet vurderer difor krava i § 9 i nml om å vere *føre-var* som oppfylt.

Prinsippet i § 10 om økosystemtilnærming og samla belastning er viktig for det totale trykket vedlikehald og utbetring av stien til hytta i Sognskaret. Sekretariatet kan ikkje sjå at små utbetringar på stien vil føre til negative konsekvensar for einskild artar eller økosystem.

Nml §11 er ikkje aktuell i denne saka.

Nml § 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar tilseier at vedlikehald og utbetringar må skje på ein mest mogeleg skånsam måte, det betyr m.a. at trykkimpregnerte materialar ikkje må nyttast om gode alternativ finst og at arbeidet skal skje manuelt utan bruk av motoriserte køyretøy.

Sekretariatet tilrår at søkjar får løyve til vedlikehald og mindre utbetringar av stien til hytta i Sognskaret.



Arkivsaksnr: 2022/2118-0
Sakshandsamar: Marthe Gjerde
Dato: 11.02.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	4/22	01.03.2022

Søknad om fleirårig løyve til helikoptertransport - Flatbrehytta

Innstilling frå forvaltar

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir løyve, med heimel i punkt 4.3, andre strekpunkt, i verneforskrifta, til André Øygard for motorisert ferdsle med helikopter for å fly proviant og utstyr til Flatbrehytta. Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Løyvet gjeld for inntil 10 turar pr. år i fire år (frå og med 2022 til og med 2025).
2. Løyvet gjeld ikkje flyging i helg (laurdag og søndag), i veke 28, 29 og 30 eller på andre offentlege fridagar.
3. All motorferdsle skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og skal ikkje uroe dyreliv eller friluftsliv.
4. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen (mob. 95 96 38 88) eller nasjonalparkforvaltar skal varslast seinast dagen før planlagt flyging.
5. Nasjonalparkstyret skal ha ein skriftleg rapport om flyginga kvart år innan 1. desember.

I saker som omhandlar motorferdsle må alltid løyve frå grunneigar og kommune også innhentast før motorferdsle skal skje.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad på e-post datert 02.02.2022
- Telefonsamtale med André Øygard den 11.02.2022
- Tidlegare løyve - datert 31.05.2018



- Naturmangfaldlova
- Verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1991
- Forvaltningsplan for Jostedalsbreen nasjonalpark frå 1994

Søknaden

Søknaden er sendt den 2. februar 2022 og signert Flatbrehytta v/ André Øygard. Forvaltar kontakta så Øygard per telefon den 11. februar 2022 for supplerande opplysningar. Søknaden gjeld fornying av eit fireårig løyve gitt til Øygard av nasjonalparkstyret i sak 19/18 den 31.05.2018.

I søknaden søker André Øygard om fornying av helikopterløyve på same grunnlag som tidlegare tildelt løyve. Omsøkt helikoptertransport er grunngeve i behov for frakt av proviant, gass og ved til Flatbrehytta i Fjærland, Sogndal kommune. Han søker om til saman 10 helikopterlandingar per år, det same som han har hatt løyve til frå 2018 til og med 2021.

Det vert understreka at helikoptertransport er avgjerande for drift og vedlikehald av Flatbrehytta. Vidare skriv Øygard at løyvet for helikoptertransport dei siste åra ikkje har vorte nytta meir enn naudsynt då tal landingar i snitt har vore under 10 per år. Det er likevel ein viktig føresetnad for fleksibilitet i drift av hytta at landingsløyve vert oppretthalde på 10 turar per år og ikkje redusert ytterlegare. Tidlegare løyve har vorte redusert frå 12 landingar årleg (2014-2017) til 10 landingar per år.

Bakgrunn

Flatbrehytta er ei populær og godt besøkt sjølvbetent (privateigd) turisthytte for fjell- og brevandrarar, med mange dagsturistar og brekurs. Dei to hyttene (steinbua og den raude hytta) har til saman 23 sengeplassar. Majoriteten av turgåarane som går «Josten på langs» i mai går innom Flatbrehytta på veg opp eller ned frå breen. Øygard-familien, som driv Flatbrehytta, har tidlegare hatt løyve til helikoptertransport for frakt av proviant, ved, utstyr og søppel for periodane 1995-1998, 1998-2003 og 2004-2008, og 2009 -2013 då Fylkesmannen i Sogn og Fjordane hadde forvaltningsansvaret for nasjonalparken. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gav løyve til 12 turar pr. år i perioden 2014 – 2017, og reduserte påfølgjande fleirårig løyve til 10 turar årleg for perioden 2018 – 2021 etter ei samla vurdering av tal gjennomførte flygingar.

André Øygard har levert rapportar på den årlege flyginga. Dei siste åra har frakt av ved, proviant og gass fordelt seg slik:

- 2018: 6 + 4 landingar (28. juni, 19. oktober)
- 2019: 6 + 3 landingar (20. juni, 28. november)
- 2020: 6 + 4 landingar (10. august, 5. oktober)
- 2021: Ingen landingar

Tal landingar har årleg dei siste fire åra vore mellom 9 og 10, med unntak av 2021 der det ikkje var behov for landingar i det heile.



Biletet syner Flatbrehytta og utsikta ned mot Fjærland og Fjærlandsfjorden.

Lovgrunnlag

Føremålet med nasjonalparken er

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging
- å verne om kulturminne og kulturlandskap

Motorferdsle er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark, jamfør verneforskrifta pkt. IV, 4.1. Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3, andre strekpunkt) for motorferdsle for transport av materialar til hytter, klopper m.m., og av brensel, utstyr og proviant til hytter og buer. I tråd med verneforskrifta pkt. IV, 4.3 skal fylgjande leggjast til grunn for vurdering av søknaden: *«Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skader og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»*

Forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark slår fast at det vil bli gitt løyve til naudsynt motorisert ferdsel i samband med drift og vedlikehald av opne turlagshytter, og Flatbrehytta er nemnt særleg som aktuell for fleirårig dispensasjon.



Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentlig mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Flatbrehytta ligg ope til, 994 meter over havet, med utsyn mot Fjærland. Det er store landskapsverdiar knytt til området, som også er viktig for friluftslivet. Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Stort omfang av motorferdsel vil kunne vere uheldig for både fugle- og dyrelivet og påverkar naturopplevinga til folk på tur. Det er difor eit mål å avgrense motorferdsel i nasjonalparken til berre det mest naudsynte.

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er god, informasjonen er henta frå forvaltningsplanen for Jostedalsbreen nasjonalpark og miljostatus.no samt naturbase og artskart, og i samsvar med krava i naturmangfaldlova § 8 - § 9.

§ 11 i naturmangfaldlova om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant i denne saka. Forvaltar meiner vidare at samla belastning av tiltaket (§ 10) er akseptabel, då det ikkje er anna fast flyging i dette området enn til drift av hytta. Det er ikkje alternative driftsmetodar for å frakte inn så mykje material til Flatbrehytta enn med helikopter. Sidan helikoptertransport er dyrt, vil truleg omfanget avgrense seg til det som er strengt naudsynt (§12). Alternativet er å frakte alt til fots, og det blir noko også gjort så langt råd er, for mindre mengde utstyr. Med ein rapport i ettertid vil styret kunne vite kor mange turar som var naudsynte for transporten og korleis turane fordelte seg over sesongen (§ 8).

Den motoriserte ferdsla kan påverke friluftslivet i området, men nasjonalparkforvaltaren meiner at vilkåra i løyvet reduserer påverknaden. Særleg langhelgane i mai kjem mange som går Josten på langs ned frå breen forbi Flatbrehytta, difor er det særst viktig å verne om disse helgane i tillegg til andre typiske friluftsdagar samt fellesferien.

Av omsyn til folk som ferdast i området, bør det setjast vilkår om at den motoriserte ferdsla skal avgrensast til det som er strengt naudsynt, og føre til minst mogleg uro. Med vilkåra over vurderer nasjonalparkforvaltaren tiltaket isolert sett til ikkje å vere i strid med verneføremålet. Nasjonalparkstyret plar gje fireårige løyve, og forvaltar tilrår at søknaden frå Øygard også vert tildelt fireårig løyve i praksis med tidlegare løyver.



Arkivsaksnr: 2021/16610-0
Sakshandsamar: Marthe Gjerde
Dato: 14.02.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	5/22	01.03.2022

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - drift av styret og årsplan for 2022

Innstilling frå forvaltar

Nasjonalparkstyret skal møte med jamne mellomrom i 2022 for å slutføre arbeidet med forvaltningsplanen, og følgje opp vedteken besøksstrategi. Styret skal gjere vedtak i dispensasjonssaker og følgje opp tiltak i nasjonalparken som kan bidra til å styrke verneverdiane, med utgangspunkt i følgjande årshjul:

- 1. mars: Styremøte på Quality Hotel Sogndal (Bestillingsmøte 2)
- 25. april: Styremøte
- 20. mai/11. juni: Styremøte og 30-årsmarkering(ar) av offisiell opning av nasjonalparken i samarbeid med besøkssentera
- Seint i august: Studietur evt. synfaring/bretur
- 5. september: Styremøte med synfaring
- 6. desember: Styremøte og dialogmøte med rådgjevande utval (Bestillingsmøte 1)

Om viktige hastesaker dukkar opp kan det bli aktuelt med ekstra møter på Teams. Forvaltarane sender ut framlegg til konkrete datoar.

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal, innanfor ramma på kr 590 000,- ha god drift og aktivitet i 2022. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal nytte dei løyvde planmidlane på kr 270 000,- til følgjande:

Ferdigstilling forvaltningsplan	kr 80 000
Skjøtselsplan Tungestølen-området	kr 150 000
Ferdigstilling nye nettsider	kr 20 000
Administrasjon i samband med Stiskulen i Bødalen	kr 20 000
Sårbarheitsvurdering av tre stiar i nasjonalparken	kr 0
Totalt	kr 270 000

Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar mellom desse tiltaka og planane, og skal rådføre seg med styreleiar ved usikkerheit/større endringar.



Saksopplysningar

Dokument i saka:

- E-post frå Miljødirektoratet datert 18.11.2021: Rammer og opplegg for Statsforvalteren og verneområdestyret - innmelding av behov for midler til tiltak i verneområder og SNO-ressurser i verneområder – 2022
- Vedtektene til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret datert 7. september 2015
- Drift av styret 2022, styresak 45/21
- E-post frå Miljødirektoratet datert 14.01.2022 om avlysning av nasjonalparkkonferanse
- E-post frå Miljødirektoratet datert 26.01.2022 med tildelt ramme

Jamfør vedtektene *bør styret tre saman minst fire gonger kvart år og elles når leiaren bestemmer* (punkt 7). Sidan 2011 har nasjonalparkstyret hatt møte mellom fire og åtte gonger i året. I forslaget til møteplan er det sett opp 6 fysiske møter. Om det vert trong for ekstra møter for å avgjere viktige hastesaker kan det vere aktuelt å gjennomføre desse på Teams.

I e-post frå Miljødirektoratet datert 26.01.2022 fekk vi opplyst at samla tildeling av drifts- og planmidlar (Bud.ost 1420.21) til Jostedalsbreen nasjonalparkstyret for 2022 er kr 590 000,-. Denne summen representerer ein reduksjon på kr 140 000,- samanlikna med 2021.

Tabell 1: Driftsutgifter for Jostedalsbreen nasjonalparkstyret 2021

5300	Styrer, råd og utvalg	87 393
5330	Honorarer	16 541
5400	Arbeidsgiveravgift	13 426
		117 361
6420	Leie av datasystem (årlige lisenser m.m.)	1 160
6590	Annet driftsmateriale	21 520
6730	Andre konsulenttenester	0
6780	Kjøp av andre fremmede tenester	431 940
6800	Kontorrekvisita	1 714
6820	Trykksaker	15 000
6830	Annonser	26 836
6860	Møter eksterne	51 888
6861	Møter interne	29 275
		579 334
7100	Bilgodtgjørelse, oppgavepliktig	13 443
7130	Reisekostnad, oppgavepliktig	473
7132	Reisekostnad, ikke oppgavepliktig	11 944
7150	Diettkostnad, oppgavepliktig	1 912
7151	Diettkostnad, ikke oppgavepliktig	60
		27 832
		724 526

I 2021 vart utgiftene til drift av styret og planarbeid på kr 725 000,-, og driftsbudsjettet hadde ein restpott på kr 5000,-. Driftsbudsjettet til styret inkluderer både utgifter til møte, synfaringar, reise- og møtegodtgjersle, samt utgifter til reise for rådgjevande utval (dei får



ikkje møtegodtgjersle).

I styremøtet 31.11.2021 sak 45/21 drift av styret og årsplan 2022 gjorde Jostedalsbreen nasjonalparkstyre følgjande vedtak:

Handsaming i møte:

Styret drøfta saka drift av styret og årsplan for 2022. Det var ønskje om å få til ein studietur til inspirasjon i løpet av 2022. Styret bad om at det vart lagt inn ressursar til dette i budsjettet. Vedtak i samsvar med innstilling frå forvaltar med auke på kr 100 000,- i driftsmidlar til studietur for Nasjonalparkstyret.

Vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre godkjenner framlegg til driftsbudsjett for året 2022 på kr 410 000,- jf. saksutgreiinga. Styret godkjenner også budsjettet på kr 570 000,- i planmidlar. Sekretariatet legg inn budsjettet i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadssenter (ESS) innan fristen den 10. januar 2022.

Sekretariatet får fullmakt til å gjere mindre endringar på budsjettet dersom dette viser seg nødvendig fram mot innmeldingsfristen.

Følgjande søknad om drifts- og planmidlar vart sendt til Miljødirektoratet via elektronisk søknadssenter (ESS) i januar 2022:

Tabell 2: Oversikt søknader om driftsmidlar 2022 – post .21



Oversikt over alle tiltak					
Navn	Kapittelpost	Fagområde	Kostnadsart	Ansvarlig	Beløp
Driftsmidler Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Lønn, Driftskostnader, Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	415 000
Planarbeid Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Driftskostnader, Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	80 000
Sårbarhetsvurdering av tre stiar i nasjonalparken	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	300 000
Skjøtselsplan i Tungstølen-området i Luster	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	150 000
Administrative kostnader Stiskulen i Bødalen	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	20 000
Ferdigstilling av nye besøkssider på nett	142021 - 21-post Spesielle driftsutgifter Miljødirektoratet	Forvaltning verneområder	Kjøp av tjenester	Marthe Gjerde	20 000
					985 000

Tabell 3 syner tildelinga av driftsmidler for 2022.

Tabell 3: Tildeling av drifts- og planmidlar 2022

Navn	Status	Innvilget beløp	Kommentar
Driftsmidler Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	Innvilget	320 000	
Planarbeid Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	Innvilget	80 000	
Sårbarhetsvurdering av tre stiar i nasjonalparken	Avslag		kan dessverre ikke prioritere denne
Skjøtselsplan i Tungstølen-området i Luster	Innvilget	150 000	
Administrative kostnader Stiskulen i Bødalen	Innvilget	20 000	
Ferdigstilling av nye besøkssider på nett	Innvilget	20 000	
		590 000	

Styret fekk i tillegg kr 80 000,- til forvaltningsplanarbeid. Denne potten kan dekke utgifter som t.d. kjøp av tenester knytt til layout, kartarbeid, høyringsprosess (bygdemøter, etc.), og annonsering/trykking. Vi fekk vidare kr 20 000,- til ferdigstilling av dei nye besøksretta



nettsidene. I tillegg søkte nasjonalparkstyret 100 000,- kr til studietur/inspirasjonstur til utlandet, dette ikkje vart prioritert ved tildelinga.

Miljødirektoratet bad forvaltarar legge inn kostnader til deltaking på fysisk nasjonalparkstyrekonferanse i budsjettøknaden for 2022. I e-post frå Miljødirektoratet datert 14.01.2022 vart det opplyst at den planlagde nasjonalparkkonferansen blei avlyst, i lys av den usikre smittesituasjonen framover.

Sekretariatet vil jamleg minne styret om å sende inn krav om møtegodtgjersle og dekking av reiseutgifter fortløpande etter møta.

Vurdering

To viktige møtetidspunkt for nasjonalparkstyret kvart år er i februar/mars, bestillingsmøte 2, og i november/desember, bestillingsmøte 1. På desse møta vert det planlagt og vedteke kva prosjekt og tiltak som jobbast med i nasjonalparken inneverande/neste år.

Styret signaliserer stor interesse for å komme seg ut og sjå på ulike tiltak og prosjekt. Vi legg opp til at styret har to møte med synfaring i løpet av sommarsesongen, dersom covid-19 situasjonen tillet dette. Når styret har gjennomført store tilretteleggingstiltak bør dette markerast med ei offisiell opning, helst i samband med eit styremøte. Beste sesongen for å sjå på tiltak i felt i nasjonalparken er mellom juni og september/oktober, avhengig av snømengde og mål for synfaringa.

Erfaringsmessig tek det tid å komme seg ut i nasjonalparken. Det er ofte langt for enkelte styremedlemer å kome seg til ein møtestad, og mange høgdemeter inn i verneområdet. Dersom ein t.d. held styremøte ein ettermiddag/kveld, overnattar og tek ein synfaring dagen etter, vil ein kunne rekkje lenger og høgare. I fjor var styret på tur til Tungestølen og såg på tiltak som er gjennomført og som er omsøkt i samband med kanalisering av ferdsel der. Så var styret i Jostedalen på felles styresamling i lag med nasjonalparkstyra i Jotunheimen/Utladalen og Breheimen, der alle styra fekk vere med på offisiell opning av den opprusta og klopplagde stien inn mot Bergsetdalen. Styra fekk og sjå dei nye tavlene som er sett opp i Nigardsbreen naturreservat. I oktober var styret på synfaring i Brikسدalen.

Av styret sitt driftsbudsjett på kr 320 000,- hadde sekretariatet rekna:
kr 135 000,- til møtegodtgjersle,
kr 55 000,- til reiseutgifter (inkl. nasjonalparkkonferanse) og
kr 120 000,- til møteutgifter (lokale, overnatting, servering, og liknande).

Sidan nasjonalparkstyrekonferansen er avlyst har nasjonalparkstyret litt midlar til overs som kan kome godt med ved markering av at det er 30 år sidan nasjonalparken vart offisielt opna.

Forvaltningsplanar og skjøtselsplanar er prioritert i tildelinga av driftsmidlar. I kort rettleiar for Elektronisk søknadssenter (ESS) står følgjande:

For verneområder som forvaltes av styrer, skal styrene melde inn behov for midler (...) i ESS. Dette gjelder følgende:

- *Drift av nasjonalpark- og verneområdestyrer (...)*



- *Forvaltningsplaner og besøksstrategier for nasjonalparker og andre store verneområder*

Dersom rammene tillater det vil det også kunne gis midler til nødvendige kartlegginger som grunnlag for forvaltningsplaner og besøksstrategier samt utarbeidelse av skjøtelsesplaner.

Dei 80 000,- som nasjonalparkstyret har fått til planarbeid med forvaltningsplan skal kunne dekkje utgifter til høyringsrundar for forvaltningsplanen, annonsar i lokalavisene, bygdemøte og trykking av nokre eksemplar til utdeling. Besøksstrategien som vart endeleg vedteken i 2021 skal vere eit vedlegg til den reviderte forvaltningsplanen.

Det vart søkt om kr 300 000,- til sårbarheitsvurderingar av stiane til Flatsteinbu, Fåbergstølsbreen og Langedalen i Stardalen, men vi fekk avslag på midlar til sårbarheitsvurdering. Om det i løpet av året vert ledige tiltaksmidlar eller planmidlar så kan det vere aktuelt å nytte desse til å få gjennomført ein eller fleire sårbarheitsvurderingar.

Dei 150 000,- som er tildelt til skjøtelsesplanlegging i Tungestølen-området kan eventuelt supplerast med kommunale midlar, slik at nokre av desse midlane kan omfordelast til gjennomføring av sårbarheitsvurderingar. I 2021 vart dei tildelte summene på kr 200 000,- til skjøtelsesplanar og 100 000,- til sårbarheitsvurderingar slått saman og nytta til skjøtelsesplanarbeid.

Dei 20 000,- som Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har fått til ferdigstilling av nye nettsider foreslår sekretariatet vert nytta til å dekkje utgifter til kjøp av tenester til omsetjing av nettsidene samt utgifter til grafisk design. Om dette temaet skriv Miljødirektoratet at *Oppdatering av nettsider bør tas med i vurderingen av behov for midler.*

Framlegget til budsjett gjev opning for overnatting og turar i samband med synfaringar. Det kan vere naturleg å leggje inn ei overnatting i samband med styremøte og opning av det utvida utsiktspunktet framfor Kjenndalsbreen i september. Mai og juni er også fine tidspunkt å planlegge synfaringar, gjerne i samband med 30-års markering av den offisielle opninga av nasjonalparken. Keisar Wilhelms sti vert ferdig restaurert sommaren 2022, og kan vere aktuell å opne offisielt i samband med eit styremøte.

Dei 20 000,- som nasjonalparkstyret har fått til administrative kostnader i samband med Stiskulen i Bødalen skal dekke utgifter i samband med overnatting og mat og administrasjon av kring 15 deltakarar. Miljødirektoratet dekker resterande utgifter i samband med arrangementet. Om ikkje Miljødirektoratet vel å gjennomføre stiskule i vårt område kan desse midlane omprioriterast.



Arkivsaksnr: 2021/16471-0
Sakshandsamar: Tor Arne Hauge
Dato: 08.02.2022

Utval	Utvalssak	Møtedato
Jostedalsbreen nasjonalparkstyre	6/22	01.03.2022

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - prioritering av tiltaksmidlar 2022

Innstilling frå forvaltar

1	Plan utbetring sti Tungestølen - Austerdalsbreen	30 000
2	Plan utbetring av sti Bødalsseter - Lodalskåpa	30 000
3	Kanalisering og utbetring av sti til Haugabreen	10 000
4	Utbetringar på Skålastien	0
5	Skilting og sikring Kattanakken	50 000
6	Restaurering Keisar Wilhelm sti, Briksdalen, del 2	265 000
7	Informasjonsskilt/portalskilt til 8 innfallsportar	500 000
8	Plan og prosjektering av utkikspunkt Bøyabreen	100 000
9	Utbetring av stien frå Bødalsseter mot Lodalskåpa	100 000
10	Utbetring av drifteveg og gjerde ved Storesætra	40 000
11	Rydding av skog ved Huldefossen i Bødalen	20 000
12	Plan og prosjektering av infopunkt Tungestølen	100 000
13	Utbering av stien til Flatbrehytta	10 000
14	Utbetring av sti til Haugafjellstølen	30 000
15	Utbetring av sti Sognskaret	30 000
16	Styrt beiting ved utvalde innfallsportar	20 000
17	Arbeid med rundtursti om Andersbenken	30 000
18	Klopplegging innanfor Storesætra i Erdalen	30 000
19	Restaurering av stien til Flatsteinbu	400 000
20	Nye brefareskilt	5 000



21	Utsiktsrydding i Erdalen - før Storesætra	10 000
22	Plan og prosjektering av infopunkt Supphellebreen	100 000
23	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	1
24	Vedlikehald av viktige bruer og stiar	50 000
25	Kanalisering av ferdsel forbi sårbare morenar	20 000
26	Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark	0
27	C14 dateringar av brefunn	20 000
	Samla pott	2 000 001

Dersom søknaden om tilskot til utbetring av Skålastien (pri. 4) frå ordninga Nasjonale turiststiar vert avslått skal kr 400 000,- hentast frå prosjektet *Restaurering av stien til Flatsteinbu* (pri. 19) til gjennomføring av utbetring av Skålastien.

Mindre endringar i fordelinga kan sekretariatet handsame om det skulle dukke opp nye moment som endrar føresetnadane for dei einsskilte prosjekta. Sekretariatet bør rådføre seg med styreleiar dersom det er større endringar på kort varsel, eller dersom det ikkje er kapasitet til å følgje opp alle prosjekta. Styret skal fortløpande orienterast om prosjekta i løpet av året.



Saksopplysninger

I styresak 46/21 Bestillingsdialog og tiltaksplan 2022, gjorde nasjonalparkstyret følgende vedtak:

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre vedtek tiltaksplanen og bestillinga frå Statens naturoppsyn slik den ligg føre.

Sekretariatet får fullmakt av styret til å prioritere mellom dei ulike tiltaka når desse vert lagt inn i Miljødirektoratet sitt elektroniske søknadsregister (ESS).

Sekretariatet søkte 07.01.2022 miljødirektoratet om tiltaksmidler via elektronisk søknadssenter (ESS) med følgende prioritering:

Tabell 1 Oversikt over innsendt søknad om tiltaksmidler 2022 – Post 1420.31

Oversikt over alle tiltak						
Pri.	Navn på tiltaket	Tiltakskategori	Tiltakstype	Verneområde	Øk. ansvarlig	Beløp
1	Plan utbetring sti Tungestølen - Austerdalsbreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
2	Plan utbetring av sti Bødalsseter - Lodalskåpa	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
3	Kanaliserings og utbetring av sti til Haugabreen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000
4	Utbetringar på Skålastien	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	500 000
5	Skilting og sikring Kattanakken	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
6	Restaurering Keisar Wilhelms sti, Briksdalen del 2	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	400 000
7	Informasjonsskilt/portalskilt til 8 innfallsportar	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	700 000



Jostedalsbreen nasjonalparkstyre

8	Plan og prosjektering av utsiktspunkt Bøyabreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	200 000
9	Utbetring av stien frå Bødalssætra mot Lodalskåpa	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
10	Utbetring av drifteveg og gjerde ved Storesætra	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
11	Rydding av skog ved Huldefossen i Bødalen	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
12	Plan og prosjektering av infopunkt Tungestølen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000
13	Utbetring av stien til Flatbrehytta	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000
14	Utbetring av sti til Haugafjellstølen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
15	Utbetring av sti Sognskaret	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
16	Styrt beiting ved utvalde innfallsportar	Beiting og lyngbrenning	Beiting- og/eller gjerding for bufe	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	40 000
17	Arbeid med rundtursti om Andersbenken	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
18	Kloppelegging innanfor Storesætra i Erdalen	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	30 000
19	Restaurering av stien til Flatsteinbu	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	400 000
20	Nye brefareskilt	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	5 000
21	Utsiktsrydding i Erdalen - før Storesætra	Skjøtsel av (tre)vegetasjon	Rydding av trær/busker/kratt	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	10 000
22	Plan og prosjektering av infopunkt Supphellebreen	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av innfallsport/P-plass	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	100 000



23	Ferdselsteljing langs utvalde stiar	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	1
24	Vedlikehald av viktige bruer og stiar	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	50 000
25	Kanalisering av ferdsel forbi sårbare morenar	Tilrettelegging og informasjon	Opparbeide sti/kanalisering	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
26	Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen NP	Tilrettelegging og informasjon	Oppføring av skilt og/eller infotavle	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
27	C14 dateringar av brefunn	Annet	Annet (utdypes i beskrivelsesfeltet)	Jostedalsbreen nasjonalpark (VV00000668)	Forvaltningsm.	20 000
28	Samlet pott	Pott for gjennomføring av prioriterte tiltak			Forvaltningsm.	0
						2 975 001

I e-post frå Miljødirektoratet datert 26.01.2022 fekk sekretariatet fått melding om at tildelingane av tiltaksmidlar (post 1420.31) var lagt inn i elektronisk søknadsregister ESS. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre er tildelt ein samla pott på kr 2 000 000,- i 2022 over post 1420.31 – midlar til tiltak i verneområde. Det var søkt om kr 2 975 001,-, så det må gjerast ei prioritering mellom dei ulike prosjekta . I 2021 fekk Jostedalsbreen nasjonalparkstyre kr 1 000 000,-, og vi har såleis fått dubla tildelinga samanlikna med 2021. I 2020 var tildelinga kr 500 000,-, tildelinga er såleis firedobla dei to siste åra.

Alle dei 27 omsøkte tiltaka er vurdert av miljødirektoratet til å vere innanfor postføremålet i post 1420.31.

Etter at søknaden var handsama i nasjonalparkstyret 30.11.21 har det for einsskille prosjekt kome til nye og viktige moment. Dei viktigaste er kommentert nedanfor.

Utbetringar på Skålastien – søknad sendt Nasjonale turiststiar

Miljødirektoratet har følgjande kommentar til tiltaket *Utbetringar på Skålastien*, prioritet 4, «*Kan ev vurderes gjennom tilskuddsordningen for Nasjonale turiststier*». 27.januar fekk sekretariatet epost frå miljødirektoratet med oppmoding om å leggje inn søknad om midlar restaurering av Skålastien gjennom ordninga Nasjonale turiststier. Sjølv om søknadsfristen eigentleg var passert ville dei opne søknadsportalen (ESS) spesielt for at vi skulle kunne leggje inn ein søknad. Det er krav om 25% eigendel i denne tilskotsordninga. Sekretariatet tok kontakt med samarbeidspartane i arbeidet med Skålastien, Skålastilaget, Stryn kommune og Bergen og Hordaland turlag (BHT) og orienterte desse om at vi vurderte å sende ein søknad. Vi fekk då lovnad på nok eigeninnsats i form av dugnad, tilskot og eigeninnsats til at eigendelen på 25% vart dekkja inn. Sekretariatet utarbeidde så ei prosjektskildring og la inn



søknad med vedlegg i ESS. Om vi vert tildelt midlar til Skålastien frå Nasjonal turiststi potten så vil det vere naturleg å redusere bruken av tiltaksmidlar på dette prosjektet tilsvarande.

Restaurering av Keisar Wilhelms sti del 2 – restmidlar 2021 og gjerde

På slutten av 2021 fekk prosjektet tilført restmidlar frå andre verneområde. Del 2 av prosjektet vart difor sett i gang seint i november 2021 og det vart arbeidd periodevis heilt fram til jul. Det vart og nytta kr 270 000,- i restmidlar til forskottering av deler av arbeidet som skal utførast våren 2022.

Rydding av skog og utskifting av gjerdet langs Keisar Wilhelms sti var ikkje del av prosjektet som vart lagt ut på anbod i 2021. Små tildelingar gjorde at denne delen av prosjektet vart skuva ut i tid.

Forvaltarane har i samarbeid med grunneigar fått Utmarksressurs AS til å vurdere kor mykje gjerde som trengs langs stien, skissere ulike gjerdeløysingar og lage prisestimat på dei ulike løysingane. Det er trong for om lag 140 lengdemeter gjerde fordelt på tre parsellar. Forvaltarane har vore i kontakt med grunneigar for å drøfte kva gjerdeløysing som er ynskjeleg. Forvaltarane og grunneigar er einige i val av gjerdeløysing. Kostnaden med denne gjerdeløysinga vil verte om lag kr 170 000,- inkl. arbeid. Den rimelegaste gjerdeløysinga vil kome på om lag kr 100 000,-.

Ferdigstilling av Keisar Wilhelms sti med nytt gjerde til sesongen 2022 vil truleg koste omlag kr 285 000,- i nye tiltaksmidlar i tillegg til det som er forskottert. Grunneigar har tilbydd seg å bidra med kr 20 000,- til gjerde langs stien. Det er difor trong for kr 265 000,- frå tiltaksmidlane om ein vel beste gjerdeløysing. Ei opprusting av eksisterande gjerde kan vere eit alternativ til oppsetjing av nytt, men dette er ikkje ei fullgod løysing på sikt, og vil vere ei estetisk dårlegare løysing.

Vurdering

For å kome i mål innanfor ramma på 2 millionar har sekretariatet vurdert tiltaka som er omsøkt (tabell 1) og føreslått nokre justeringar og kutt. Tildelt pott er om lag 1 million lågare enn samla søknadssum, det er difor nødvendig med ein del reduksjonar på nokre av tiltaka, alternativt kan ein velje å utsetje ein skilde prosjekt til seinare år. Nokre prosjekt kan reduserast noko utan at det nødvendigvis får store konsekvensar for gjennomføring. For enkelte prosjekt kan kostnaden reduserast som følgje av nye moment, nemnt i saksutgreiinga. Sekretariatet tilrår følgjande endringar frå søknaden:

- Pri. 26 Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark – redusert frå 20 000 til 0
- Pri. 16 Styrte beiting ved utvalde innfallsportar – redusert frå 40 000 til 20 000
- Pri. 8 Plan og prosjektering av utkikspunkt Bøyabreen – redusert frå 200 000 til 100 000
- Pri. 7 Informasjonsskilt/portalskilt til 8 innfallsportar – redusert frå 700 000 til 500 000
- Pri. 6 Restaurering Keisar Wilhelm sti, Briksdalen, del 2 – redusert frå 400 000 til 265 000
- Pri. 4 Utbetringar på Skålastien – redusert frå 500 000 til 0

Prioritet 26 *Utarbeiding av skiltplan for Jostedalsbreen nasjonalpark* er eit prosjekt som kan utsetjast til 2023, evt. jobbast med av forvaltarane så sant ein får tid.



Prioritet 16 *Styrt beiting ved utvalde innfallsportar* – kan reduserast noko ved å velje ut færre lokalitetar evt. færre dyr/kortare beiteperiode. Prosjektet er ei fortsetjing av prøveprosjekt i 2021 og kan reduserast frå kr 40 000,- til 20 000,- utan store konsekvensar.

Prioritet 8 *Plan og prosjektering av utvikspunkt Bøyabreen* vert føreslått redusert frå 200 000 til 100 000. Det er enno usikkert kor langt Sogndal kommune kjem med sin områderegeringsplan for Fjærland våren 2022. Truleg vil kr 100 000,- kunne rekke til å starte opp arbeidet med plan- og prosjektering av utvikspunkt Bøyabreen. Midlane er i fyrste rekke tenkt å nyttast til innkjøp av planleggingstenester. Det vil vere naturleg å sjå prosessane i Supphelledalen og Bøyadalen i samanheng når det vert gjort avtalar om innkjøp av tenester, dette kan gje innsparing på begge prosjekta.

Prioritet 7 *Informasjonsskilt/portalskilt til 8 innfallsportar* er føreslått redusert kr 200 000,- til kr 500 000,-. Dette kan gjerast ved å redusere tal innfallsportar som vert skilta i 2022, eller ved å velje innfallsportar som krev færre og rimelegare skilt, t.d. ved at tavlene kan festast på direkte på vegg i staden for frittstående skilt i cortenstål. Forvaltarane vurderer det som svært ambisiøst å setje opp skilt på 8 større innfallsportar i 2022 og tilrår difor å redusere dette prosjektet med kr 200 000,-.

Prioritet 6 *Restaurering Keisar Wilhelm sti, Briksdalen, del 2* er føreslått redusert frå 400 000 til 265 000 sidan prosjektet truleg kan ferdigstillast på ein fullgod måte innanfor denne ramma.

Prioritet 4 *Utbetring av Skålastien*. I forslaget til prioritering av tiltaksmidlar er det ikkje prioritert tiltaksmidlar til Skålastien i 2022, då vi håpar på å få tildelt midlar til dette prosjektet frå tilskotsordninga Nasjonale turiststiar. Om ikkje vi skulle få tilsegn om midlar frå Nasjonale turiststier så tilrår forvaltarane at restaurering av stien til Flatsteinbu vert utsett enno eit år for å sikre oppstart på utbetringar på Skålastien i 2022.

ST 7/22 Delegerete saker



Arkivsaksnr: 2019/8670-0

Sakshandsamar: Marthe Gjerde

Dato: 20.01.2022

Utval	Delegeringssak (DS)
Jostedalsbreen nasjonalparkstyret	

Delegert vedtak - Jostedalsbreen nasjonalpark - løyve til motorisert ferdsle med snøscooter for radarmåling og helikopterflyging i JOSTICE-prosjektet - 2022 - Høgskulen på Vestlandet

Delegert vedtak

I samsvar med delegeringsfullmakt datert 7. september 2015 vedtek nasjonalparkforvaltaren, med heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta, å gje løyve til Høgskulen på Vestlandet v/ Mette Gillespie for motorisert ferdsle med snøscooter og landing med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innsamling av forskingsdata i JOSTICE-prosjektet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

1. Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid.
2. Løyvet gjeld for perioden 1. februar til og med 13. april 2022.
3. Løyvet gjeld for tre lag à to scooterar, altså maks seks snøscooterar totalt, som skal følgje tidlegare vedtekne trasear.
4. Totalramme for tal landingar med helikopter innanfor vernegrensa er sett til 40. Ramma skal dekke frakt tur/retur av seks snøscooterar, forskingsutstyr, proviant og mannskap.
5. Primær landingsplass er Steinmannen, men dersom ein ikkje kjem seg fram med scooter over heile breen kan helikopteret lande med naudsynt utstyr sørvest for Bings gryte og nordaust for Lodalsbrekka for å fullføre datainnsamlinga samt for å losse av mannskap og forskingsutstyr ved utvalde utløpsbrear jf. prioritetsliste vedlagt søknaden.
6. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast før flyging, og forvaltar kan utsette flyging i særleg uføresette tilfelle.



7. Jostedalsbreen nasjonalparkstyret skal ha skriftleg rapport i etterkant av feltarbeidet, og om de har gjort eventuelle observasjonar av dyr/spor/etc. undervegs.

Dersom vanskelege vêrtilhøve eller andre forhold tilseier at løyvet treng ei mindre utviding i tid, rom eller omfang, kan forvaltninga vurdere dette etter delegert mynde.

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyve, med unntak av at det er opna for motorferdsel frå 1. februar 2022 til og med 13. april 2022, og at totalramme for tal landingar med helikopter innanfor nasjonalparken er justert ned etter tidlegare gjennomførte flyingar i 2021. I tillegg opnast det for lågtflyging og landingar ved lokalitetar som lyt bestemmast i felt alt etter vêrhøve og prioritetsliste vedlagt søknaden, jf. saksutgreiinga.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente løyve frå Luster, Sogndal, Gloppen, Sunnfjord og Stryn kommune, samt frå grunneigararar.

Saksopplysningar

Dokument i saka:

- Søknad på e-post frå Høgskulen på Vestlandet v/ Mette K. Gillespie, datert 14.01.2022
- Telefonsamtale med Mette K. Gillespie 18.01.22
- Rammeløyve helikopterlanding og snøscooterkøyring i JOSTICE-prosjektet, datert 28.02.2020
- Utvida løyve for motorferdsel i JOSTICE-prosjektet 2021, datert 17.03.2021

Bakgrunn:

Feltsesongen til forskingsprosjektet JOSTICE (<https://www.jostice.no/>) vart i 2020 avlyst grunna Covid-19-utbrotet, og feltsesongen i 2021 blei noko avgrensa grunna smitteverntiltak som gjorde at forskarane laut delast i kohortar. Vêret var ugunstig i byrjinga av den allereie utsette oppstartsperioden og forsinka arbeidet ytterlegare. I den nordlege delen av feltarbeidet var det og større tekniske problem med forskingsutstyret som gjer at dei i dette området ønskjer å køyre snøscooter med georadar på nytt i 2022 då dette er ein viktig del av kartlegginga av istjukn i denne delen av Jostedalsbreplataet. Monaleg skredfare i Styggevassområdet førte i 2021 til at NVE-gruppa ikkje kunne køyre snøscooter til Styggevasshytta, og denne gruppa måtte difor transporterast med helikopter både inn og ut.

Som følgje av desse omstenda vart bruken av helikopter dette fyrste året betydeleg, og totalt vart det gjennomført 10 landingar innanfor nasjonalparkgrensa i 2021, men stadig godt innanfor bruken skissert i opphavleg rammeløyve datert 28.02.2020 på 50 landingar over to feltsesongar. Fleire landingar vart gjennomført utanfor nasjonalparkgrensa.



Søknaden:

Høgskulen på Vestlandet, heretter kalla HVL, søkte i e-post datert 14.01.2022 om løyve til motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark våren 2022 for å ferdigstille feltarbeidet til forskingsprosjektet JOSTICE. Søknaden vert grunngjeven med at Covid-19-situasjonen, som gjorde at feltarbeidet ikkje vart gjennomført i det heile i 2020, også i 2021 la føringar for feltarbeidet og førte til ytterlegare forskyving av det totale feltarbeidet som ligg til grunn for forskingsprosjektet.

For 2022 ønskjer HVL i grove trekk å fortsetje i samsvar med arbeidet beskrive i den første søknaden, og rammeløyvet gitt den 28.02.2020, om to års feltaktivitet, og dei ønskjer å måle istjukna til Jostedalsbreen i dei områda dei enno ikkje har målingar frå. Måten dei planlegg å samle inn data har endra seg noko, då dei etter den første feltsesongen erfarer at dei ikkje klarar å måle i alle ønskete områda med mindre dei justerer metoden noko. I staden for å nytte snøscooter og ski som transportmiddel langs dei brattare utløpsbreane ønskjer dei i staden å konsentrere arbeidet ned til 2-3 dagar, der dei kombinerer helikoptertransport opp med skiløp med georadar bak ned. Slik kan dei dekke eit større areal enn det som er mogleg dersom dei er avhengig av overflateforhold som tillèt transport med snøscooter.

I høve det opphavlege løyvet for to års feltaktivitet for 2020-2021 tyder dette på noko ekstra helikopteraktivitet i form av lågtflyging og avlesing av mannskap ved utvalde utløpsbrear i området over 2-3 dagar, men ein totalt kortare feltperiode og mindre snøscootertransport innanfor nasjonalparkgrensa.

I tillegg er HVL i gang med å utvikle eit nytt helikopterbasert radarsystem, som vil mogleggjere målingar i bratte og utilgjengelege område slik som brefalla der verken snøscooter eller skikøyring kan gjennomførast på ein sikker måte. Dette er område som er kritiske for transporten av is frå plataet til dalane kring. Grunna ofte relativt tynn is i brefalla så er desse områda også av dei meir sårbare grunna klimaendringar, og ny kunnskap om istjukna her vil kunne styrke framtidige prognosar av Jostedalsbreen si utbreiing monaleg. HVL håpar å bruke 1-2 dagar på å teste dette radarsystemet dersom økonomi tillèt det, og då få samle inn istjukn i dei brattaste henga av Jostedalsbreen.

Dersom økonomi og snøtilhøva tillèt det, ønskjer JOSTICE og å dra tilbake til Steinmannen for å dekke områda over dei viktigaste utløpsbreane grundigare enn tilhøva tillèt det i 2021.

Frå søknaden:

Den planlagte helikopteraktiviteten blir konsentrert over maksimal 4 dagar (sannsynligvis bare 3) og begrenset til perioder hvor det skaper minst mulig forstyrrelser for dyreliv og fritidsaktiviteter i området. Vi håper å transportere to ski-lag til og fra i alt 14 utvalgte utløpsbreer (aktivitet 3 i tabell 3, 28 landinger i alt, prioriterte breer vist i tabell 4), mens vi planlegger flyving innenfor nasjonalparken (ingen landinger) under de 1 – 2 dages målinger med det helikopterbaserte radarsystem (aktivitet 4 i tabell 3, prioriterte breer vist i tabell 5).

Eventuell helikoptertransport under aktivitet 1 og 5 (tabell 3) burde ikke overstige 30 runder mellom Fåberg og Steinmannen/Styggevasshytta (15 runder innenfor nasjonalparken), hvorav 6 av disse er med landing (3 landinger innenfor nasjonalparken). Flyvingene forbundet med aktivitet 1 og 5 i tabell 3 vil vi så vidt mulig forsøke å kombinere med aktivitet



3 og 4, så dager med helikopteraktivitet i området minimeres mest mulig. (Vår understreking.)

Tabellen under er henta frå søknaden og syner oversikt over planlagt aktivitet i 2022.

Tabell 3. Oversikt over planlagt aktivitet i 2022.

Nr.	Formål	Varighet	Forventet tidspunkt	Logistikk
1	Radarmålinger av is- og snøtykkelse i den nordlige delen av Jostedalsbreen.	3 – 5 dager	Mars eller april	3 – 4 snøscootere. Overnatting ved Styggevasshytta. Om det er stor skredfare ønsker vi å søke om løyve til å kjøre snøscooter fra Sota sæter til Styggevasshytta for å slippe unna snøskredfare i Sprongdalen. Alternativt må vi fly med helikopter fra Fåberg til Styggevasshytta (estimert 15 runder inklusiv 3 landinger, alt utenfor nasjonalparken).
2	Radarmålinger av is- og snøtykkelse på Tunsbergdalsbreen.	1 – 3 dager	Mars eller april	Dagsturer med 3 – 4 snøscootere. Transport fra Leirdalen, gjennom Tunsbergdalen til Tunsbergdalsbreen.
3	Radarmålinger av is- og snøtykkelse langs diverse utløpsbreer (se prioritert liste i tabell 4).	2 – 3 dager*	April	Dagsturer med helikopter og ski. Vi planlegger to ski-lag med hver sin radar som på skift transporteres med helikopter til de øvre deler av utløpsbreene og hentes igjen ved brefrontene. Gruppene måler langs så mange av de 14 prioriterte utløpsbreer (tabell 4) som mulig i løpet av de 2 – 3 dages feltarbeid. Klarer vi å måle langs alle breene blir det 28 landinger i alt (14 landinger når ski-lagene settes av på toppen og 14 landinger når de hentes nær fronten).
4	Test av nytt helikopterbasert radarsystem og målinger av istykkelse i de bratteste områdene (se prioritert liste i tabell 5).	1 – 2 dager*	Februar, mars eller april	Dagsturer med helikopter. Base ved Fåberg. Ingen planlagte landinger innenfor nasjonalparken, men et ønske om flyving mellom brefronten og det øvre akkumulasjonsområde til bratte utløpsbreer (tabell 5). For best mulige målinger må vi fly på tvers av breene, og helikopteret må derfor reise i en sikksakk rute.
5	Radarmålinger av is- og snøtykkelse i midtre og sørlige delen av Jostedalsbreen (se figur 2 og 3).	5 – 7 dager	Mars eller april	Overnatting ved Steinmannen. 2 – 3 snøscootere og helikoptertransport mellom landingsplassen ved Fåberg og Steinmannen (estimert 15 runder inklusiv 3 landinger).

*I alt maksimalt 4 dages helikopter flyving fordelt på aktivitet 3 og 4.

Nasjonalparkforvaltaren tok kontakt via telefon for å få utfyllande informasjon til handsaming av søknaden.

JOSTICE ønskjer å konsentrere attverande feltarbeid over færre dagar og ønskjer då å fly fleire rundar med helikopter i form av lågtflyging utan at dei har behov for ekstra landingar innanfor vernegrensa enn dei 40 attverande frå tidlegare rammeløyve. Som eit resultat av at dei ønskjer å nytte helikopter for å fly opp mannskap og georadarutstyr for deretter å stå på ski ned utløpsbreane kan dei konsentrere motorferdsla over færre dagar heller enn å køyre



fleire dagar med snøscooter som i opphavleg plan. Nasjonalparkforvaltar etterspurte detaljert flygeplan og -traseval, men dette lyt forskarane ta «litt på sparket», og fyke opp ved finver og prioritere ut frå liste vedlagt søknaden om kva utløpsbrear som skal prioriterast først. Helikopterflyginga vil avgrense seg sjølv med omsyn til økonomi til truleg maksimum ca. 4 dagar. Tiltakshavar opplyser om at det truleg er ein ambisiøs plan, og at det nok ikkje er mogleg å nå alt som er oppført. Men prioriteringar vert gjort når ein er i felt, og når ein har vêrtilhøva med seg.

HVL sitt tidlegare rammeløyve for helikopterlanding og snøscooterkøring i JOSTICE-prosjektet:

HVL hadde eit rammeløyve som vart gitt 28. februar 2020. Løyvet gjaldt inntil seks snøscooterar totalt, og ramma for tal helikopterlandingar innanfor vernegrensa vart sett til 50 over to år.

Frå saksprotokollen, styresak 5/20 , frå møte 24.02.2020:

Vedtak

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre gir, med i heimel i punkt 4.3, tredje strekpunkt i verneforskrifta, løyve til Høgskulen på Vestlandet v/Mette Gillespie for motorisert ferdsle med snøscooter og landing med helikopter i Jostedalsbreen nasjonalpark i samband med innsamling av forskingsdata i JOSTICE-prosjektet.

Løyvet gjeld på følgjande vilkår:

- 1. Den motoriserte ferdsla skal avgrense seg til det som er strengt naudsynt, ta omsyn til dyreliv og folk på tur i området, og den skal gjennomførast mest mogeleg konsentrert i tid.*
- 2. Løyvet gjeld for perioden 24. februar til og med 30. april 2020 og i perioden 1. januar til og med den 28. april 2021. Løyvet gjeld ikkje heilagdagane i påska.*
- 3. Løyvet gjeld for tre lag à to scootere, altså maks seks snøscootere totalt, som skal følgje hovudlinjene i kartet vedlagt søknaden, jf. saksutgreiinga.*
- 4. Totalramme for tal landingar med helikopter innanfor vernegrensa er sett til 50 over to år. Ramma skal dekke frakt tur/retur av seks snøscootere, forskingsutstyr, proviant og mannskap. Primær landingsplass er Steinmannen, men dersom ein ikkje kjem seg fram med scooter over heile breen kan helikopteret lande med naudsynt utstyr sørvest for Bings gryte og nordaust for Lodalsbrekka for å fullføre datainnsamlinga.*
- 5. Statens naturoppsyn v/ Anne Rudsengen eller nasjonalparkforvaltar skal varslast før flyging, og forvaltar kan utsette flyging i særleg uføresette tilfelle.*
- 6. Jostedalsbreen nasjonalparkstyre skal ha skriftleg rapport i etterkant av feltarbeidet, og om de har gjort eventuelle observasjonar av dyr/spor/etc. undervegs.*

Dersom vanskelege vêrtilhøve eller andre forhold tilseier at løyvet treng utviding i tid, rom eller omfang, kan forvaltninga gjere dette med delegert mynde.

Løyvet gjeld for omsøkt aktivitet jf. verneforskrifta for Jostedalsbreen nasjonalpark. Søkjar er ansvarleg for å innhente løyve frå Luster, Sogndal, Gloppen, Sunnfjord og Stryn kommune, samt frå grunneigararar.



Grunna avlyst feltarbeid i 2020 og gjeldande smitteverntiltak vart det gjeve utviding av eksisterande løyve i 2021. Frå saksprotokollen, delegert vedtak DS2/21:

Løyvet gjeld på same vilkår som tidlegare gjeve rammeløyve, med unntak av at det er opna for motorferdsel til og med 30. april 2021, og at det er opna for at i alt 7 snøscooterar kan nyttast i perioden 12/4 – 17/4.

Lovgrunnlag:

Føremålet med nasjonalparken er:

- å verne eit stort, variert og verdfullt breområde med tilhøyrande område frå lågland til høgfjell, med plante- og dyreliv og geologiske førekomstar i naturleg eller i det vesentlege naturleg tilstand.
- å gje høve til naturoppleving gjennom utøving av tradisjonelt friluftsliv som er lite avhengig av teknisk tilrettelegging.
- å verne om kulturminne og kulturlandskap.

Motorferdsle, inkludert landing med luftfartøy og lågtflyging mindre enn 300 m over bakken, er forbode i Jostedalsbreen nasjonalpark (verneforskrifta pkt. IV, 4.1). Det er likevel opning i dispensasjonsheimelen i verneforskrifta (pkt. IV, 4.3) for motorferdsel i samband med vitskaplege granskningar etter oppdrag frå granskingsinstitusjon. Fylgjande skal leggjast til grunn for vurdering av søknaden: «Før eventuelt løyve vert gjeve skal trongen for transport vurderast mot moglege skadar og ulemper og i høve til eit mål om å redusere motorferdsla til eit minimum. Andre transportmetodar og kombinasjonar av fleire transportoppdrag skal òg vurderast.»

Jostedalsbreen nasjonalparkstyre har i utvalssak 05/2016 delegert mynde til nasjonalparkforvaltar til å treffe vedtak i saker som gjeld løyver etter den spesifiserte dispensasjonsheimelen i verneforskrifta § IV, pkt. 4.3.

Etter naturmangfaldlova § 7 skal prinsippa i §§ 8-12 leggjast til grunn som retningslinjer ved utøving av offentleg mynde som kan påverke naturmangfald, og det skal gå fram av avgjerda korleis desse prinsippa er vurdert og vektlagt i saka.

Vurdering

Rammeløyvet frå nasjonalparkstyret gjeve i styresak 5/20, datert 28.02.2020, blei løyvd like før nedstenginga i mars 2020. Pandemien medførte at planlagt feltaktivitet for heile den fyrste sesongen av JOSTICE vart utsett i sin heilskap. Oppstart av JOSTICE-feltarbeid tok difor ikkje til før på våren 2021. JOSTICE måtte, grunna smitteverntiltak, dele laga opp i kohortar og leggje opp feltaktivitet etter gjeldande smittevernreglar. JOSTICE fekk utvida det eksisterande rammeløyvet noko etter at vêret allereie hadde ført til ytterlegare utsetjing av feltaktivitet for våren 2021.

Det tidlegare gjeve rammeløyvet skulle altså dekke planlagt feltaktivitet over to feltsesongar, våren 2020 og våren 2021. Då JOSTICE måtte utsetjast eitt år, er det ut frå innrapportert



aktivitet attstående 40 av 50 totalt løyvde landingar med helikopter innanfor vernegrensa i tillegg til snøscooterkøyring for georadarmålingar på attstående delar av iskappa. Frå søknaden vert planen for 2022 justert noko i høve planen JOSTICE opphavleg hadde for feltarbeid i 2021, i form av meir lågtflyging men mindre snøscooterkøyring og dermed meir konsentrert i tid motorferdsle. Nasjonalparkforvaltar syner til opphavleg rammeløyve for vurderingar lagt til grunn for rammer og vilkår sett i 2020.

Fråværet av motorferdsel og motorstøy er ein viktig kvalitet i nasjonalparken. Sjølv om det samla sett er lite motorferdsel i Jostedalsbreen nasjonalpark, er det av omsyn til verneføremålet viktig å avgrense ferdsle til det som er strengt naudsynt. Forvaltar vurderer kunnskapsgrunnlaget til å vere tilstrekkeleg til å vurdere søknaden (jf. nml § 8). Det er og sett vilkår for å avgrense motorferdsle i tid og rom (nml § 9), og ved å konsentrere motorferdsle mest mogleg i tid vurderer forvaltar dette mindre belastande for dyreliv enn langvarig snøscooterkøyring. Det vert sett opp tilsvarande vilkår som i opphavleg rammeløyve, med justering av løyvet i tid fram til byrjinga av påska 2022. Dette for å unngå eventuell forstyrning av folk på tur eller dyreliv (nml § 8).

Det er viktig at bruken av helikopter og snøscooterane er effektiv (nml §§ 10 og 11). Løyvet er i utgangspunktet avgrensa i tid fram til friluftaktivitetane tek seg opp, og det er sett vilkår om at det skal takast omsyn til dyreliv og folk på tur i området.

Helikopter og snøscooter er naudsynte hjelpemiddel til arbeidet (naturmangfaldlova § 12).

Uansett tilhøve ved feltarbeidet forventar HVL å halde seg innanfor opphavleg totalramme på maksimalt 50 landingar med helikopter innanfor vernegrensa fordelt på to år. HVL vil informere lokalbefolkninga om planlagt motorisert aktivitet i forkant via JOSTICE medier og lokale Facebook-grupper.

Nasjonalparkforvaltar vurderer at søknaden for feltsesongen 2022 i hovudsak er ei forlenging av dispensasjon for motorferdsel tidlegare vurdert av styret, og har drøfta saka rutinemessig med styreleiar. Vidare vurderer nasjonalparkforvaltar at løyve som allereie var tildelt av styret, og som av uføresette hendingar har blitt utsett, bør kunne forlengast til komande feltsesong våren 2022. Forskingsresultata som JOSTICE produserer vil vere av ålmenta si interesse, og nasjonalparkforvaltninga vil dra nytte av ny kunnskap som vil kome om breen og lokalklimatiske variasjonar.

Dersom vanskelege vêrtilhøve eller andre forhold tilseier at løyvet treng ei mindre utviding i tid, rom eller omfang, kan forvaltninga vurdere dette etter delegert mynde.

Etter ei konkret vurdering der nasjonalparkforvaltaren særleg har vektlagt at tiltaket ikkje strir mot verneformålet, og at tiltaket er nødvendig for å kunne gjennomføre eit større forskingsprosjekt som også kan bli viktig for forvaltninga, meiner nasjonalparkforvaltaren at det med dei gitte vilkåra kan gjevast løyve til tiltaket.

ST 9/22 Orienterings- drøftings- og referatsaker
RS 1/22 Nyval - Jostedalsbreen nasjonalparkstyre - nytt varamedlem
RS 2/22 Uttale til framlegg til kommunale retningslinjer for handsaming av motorferdsel i utmark i Luster kommune
RS 3/22 Stadfesting medlemsskap EUROPARC Federation
RS 4/22 Innvilga søknad frå Stryn kommune om status som nasjonalparkkommune
RS 5/22 Invitasjon til oppstartsmøte for delnorm 3 i Sunnfjord, Førdefjella og Svartebotnen villreinområder
RS 6/22 Sluttrapport utbetring av ferdsleveg i Erdalen
RS 7/22 Ny sekretærordning i villreinnemndene
RS 8/22 Endeleg godkjenning - Jostedalsbreen nasjonalpark - besøksstrategi
RS 9/22 Overføring av tiltaksmidlar til Skålastilaget - prosjekt vidare utvikling av Skålastien
RS 10/22 Uttale til framlegg til detaljreguleringsplan for parkeringsplass ved Tungestølen
RS 11/22 Tilbakemelding - Jostedalen nasjonalpark - Erdalen - motorferdsle i samband med sauer i skorfeste
RS 12/22 Prosjektskildring - utbetringar på Skålastien 2022
RS 13/22 Stadfesting på meldt forhold - Jostedalsbreen nasjonalpark - ulovleg køyring og graving langs breelva til Fåbergstølsbreen - Statkraft